

10.10.2018

Gule lappar på nokre SIM dunkar.



Gul lapp på bosunken er ei påminning om at alle må sortera avfallet på rett måte.

Dersom du har fått gul lapp på bosunken din, tyder det at du sorterer feil og at det er kome gjenstandar i dunken som ikkje skal vera der. SIM har eit godt innarbeiddd hentesystem. Avfallet skal vera kjeldesortert med matavfall/bio, papir, plast og restavfall i kvar sine dunkar. Gul lapp på dunken fortel kva du gjer feil og at du har høve til å retta opp feilen. I verste fall vert det raud lapp og då vert ikkje dunken tömd.

SIM har starta ein stor aksjon der biodunkar i alle SIM- kommunane vil bli kontrollerte. Dette er ikkje for å straffa folk som sorterer feil, men for å gje dei ei påminning om korleis det skal gjerast. Dei aller fleste er veldig flinke og sorterer rett, men me registrerer dverre ein del som ikkje gjer det, seier plan- og kommunikasjonsansvarleg i SIM, Janne Hillersøy.

Ho fortel at det er særleg plast og glas som går igjen som den store syndaren i avfallet. Desse fraksjonane skapar problem i komposteringsprosessen og fører til at sluttproduktet vert forringa. - Me opplever at kundar som har kjøpt kompostjord eller plenblanding hos oss, kjem med tilbakemelding om at dei ser restar av glas og plast i jorda. Me klarer å sorterer ut mesteparten av det feilsorterte avfallet, men plast og glas er vanskelege fraksjonar å sortera ut alt av, og av den grunn skal ein ikkje bruka handleposar i biospannet/dunken. Ein må bruke posar av mais eller papir, påpeikar Hillersøy.

SIM har eit system for merking av feilsortert avfall Dette gjeld for alle dunkane. I fyrste omgang vil kunden få ein gul lapp på dunken. Denne gjev kunden ei melding om at avfallet er feilsortert, men at dunken er tømt likevel. Dersom dette skjer igjen får kunden raud lapp, noko som betyr at avfallet igjen er feilsortert, men denne gong er tømmer me ikkje dunken. Ved grov feilsortering vil ein få raud lapp med det same.

- Dette vil òg vera rutinen me no skal i gong med. Og me håpar me får bukt med ein del feilsortering på denne måten. For det er synd at nokre få skal øydeleggja for alle som gjer ein god innsats og sorterer rett. Sluttproduktet, kompostjorda og plenblandinga er eit populært tilbod til innbyggjarane i SIM, og det er i fellesskap me kan gjera dette til eit best mogeleg produkt, påpeiker Hillersøy.

For spørsmål ta kontakt: Janne Hillersøy 95 25 64 69/ janne@sim.as

Tekst: Kristian Bringedal/pressemelding frå SIM
Foto/nett: Kristian Bringedal

